

# Produksjon av grovfôr – mekanisering og økonomi



Aslak Botten, NLR-Østafjells  
aslak.botten@nlr.no

Prosjektet Grovfôr 2020 har gjeve oss eit unikt talgrunnlag for grovfôrproduksjon i Norge. Talgrunnlaget er henta frå om lag 200 gardsbruk som så langt har delteke i prosjektet. Dei flinkaste i klassen planlegg innkjøpa, set krav til entreprenør, brukar slangespreiar til møkka om mogleg, reindyrkar ei maskinlinje, får mykje fôr gjennom maskina og har rett kapasitet på maskinene i alle ledd.

Det er mjølkebønder som har delteke i prosjektet så langt. Desse transporterer gras og møkk i snitt 2,8 km. Dyrkar 443 daa grasareal, har 6,5 års omløpstid, produserer totalt om lag 238.000 føreiningar (FEm) per gardsbruk og jobbar om lag 1,23 t/daa totalt i dyrking og hausting av grovfôret.

Svært få bønder kjenner prisen på graset. Veit du kva graset på garden din kostar? Det er store variasjonar. Dyrkinga kostar i snitt 1,31 kr/FEm og hausting om lag 1,40 kr/FEm. I sum kostar grovfôret 2,71 kr/FEm levert fjøsdøra. Vestlendingane har det dyraste fôret. Der kostar det 3,53 kr/FEm. Mens flatbygdene greier å produsere graset for 2,35 kr/FEm. Variasjonane på flatbygdene og Trøndelag har stor variasjon frå 1,52 til 4,69 kr/FEm.

Rundballar står for om lag 83 % av surfôret hjå dei som har delteke i undersøkinga. Desse haustar i snitt ei avling på 553 FEm/daa. Der ein rundballe inneheldt 197 FEm/ball. Vestlendingane har minst fôr i ballane, mens flatbygdene har mest innhald.

Det er husdyrgjødselkostnaden som er av dei største kostnadspostane i grovfôrproduksjon. Jamt over er det dei med slangespreiarutstyr som har den rimelegaste spreinga. Dei med lengst kjøreavstand samt mange handteringar før møkka ligg på jordet som har dei høgste kostnadane.

Dei som brukar samlerive har rimelegare fôr, meir fem/ball, betre fôrqualität, jobbar mindre, har større gardar og får ein jamnar tørk i graset. Baksida er høgare kostnader med steinplukking, lågare avling, fleire daa å køyre over lengre transportavstandar. Dette er resultatata frå over 80 gardsbruk som deltok i prosjektet Grovfôr 2020 sine regionmøter i Trøndelag og Lillehammer.

Breispreiing av gras gjev teoretisk raskare tørkehastigheit, meir sukker i graset og fleire foreiningar per eining enn strenglagt gras. Men studien frå Grovfôr 2020 viser at også dei som strenglegg utan ranking greier godt tørrstoffinnhald. Dei beste i undersøkinga har det rimelegaste fôret med 30–35 % tørrstoff uavhengig av ranking eller ei. Men variasjonane i gruppa utan ranking er mykje større enn i gruppa som rakar saman graset.

Det er ikkje nødvendigvis slik at det er lønnsamt for alle å rake saman graset. Det krev individuelle vurderingar. Men totalt sett er det bøndene som brukar samleriver som har den rimelegaste høstelinja.